

Kommunen er klar over at situasjonen som no er i samfunnet vil føre til utfordringar i mange familiar.

I denne situasjonen har kommunen og andre aktørar uansett behov for å drifte helsetenestar og andre samfunnskritiske funksjonar. Det er derfor viktig at det vert prioritert at dei som arbeider innan helse får til å gå på arbeid som langt som mogleg. Kommunen vil og legge til rette for at det frå måndag 16.03 er eit tilbod til barn frå desse arbeidstakargruppene. Det vil bli gitt nærare informasjon om organisering av det i morgon, fredag 13. mars. For oversikt over samfunnskritiske funksjonar, sjå Helsedirektoratet:

<https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/helsedirektoratet-har-vedtatt-omfattende-tiltak-for-a-hindre-spredning-av-covid-19>

Arbeidsgivar vil og ha behov for å kunne endre arbeidstid, flytte tilsette til andre verksemdar, flytte ferie osv. for å få forsvarleg bemanning. Arbeidsgivar kan og, om det er forsvarleg, legge til rette for heimekontor, avspasering eller avvikling av feriedagar mm. Den einskilde arbeidstakar må ta kontakt med næraste leiar for avklaring.

Stengte skolar og barnehage

Regjeringen skriv i si pressemelding i dag « Foreldre vil ha rett til omsorgspenger for å være hjemme med barn når skolar og barnehager stenger i denne ekstraordinære situasjonen. Omsorgspenger er også kjent som sykt-barn-dager.»

For større barn (normalt frå 12 år) som ikkje har behov for «barnepassar» i den forstand, vil vilkåra for omsorgspengar ikkje vere oppfylt. Dersom det er eit særskilt behov for at arbeidstakar må være heime, kan arbeidsgivar vurdere om det kan leggest til rette for fleksible løysningar. Ta eventuelt kontakt med næraste leiar.

KS (kommunesektoren sin arbeidsgivar- og interesseorganisasjon) har laga ei informasjonsside på heimesidene sine med overskrifta «Koronaviruset: Ofte stilte spørsmål». Denne informasjonen finn du ved å følgde denne lenka: <https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/informasjon-om-koronaviruset/sporsmal-og-svar/>

Hald deg orientert!

Sjå også vår [samleside på intranett for korona](#), samt vår samleside på alesund.kommune.no/koronavirus